

Utskrift av møtebok

RADØY KOMMUNE
Teknisk kontor

Jnr. 58 Ark.

for RADØY KOMMUNESTYRE

i møte den 22. april 1976

Av

medlemer var

til stades (møtande varamenn medrekna).

51/76. Kloakkplan Valdersnes/Søre Valdersvåg

Det ligg føre utskrift frå helserådsmøte 17. juni 1975 og 19. februar 1976. Dessutan ein skissert plan dagsett 19. desember 1975, utarbeidd av teknisk kontor.

FORMANNSKAPSTILRÅDING:

Formannskapet hadde samrøystes rådd kommunestyret til å gjera slikt vedtak:

Kommunestyret har merka seg dei pålegg helserådet har gitt til grunneigarane i Valdersnes/Søre Valdersvåg. Likeeins framlegget til kloakkplan helserådet har fått arbeidd ut.

Kommunestyret ser ikkje at det er mogeleg å gjennomføra kommunal kloakkutbygging for spreidd busetnad utover det som er og vert vedteke gjennom generalplan og reguleringsplanar.

Men ein vil peika på at kommunen har reglar som gjev høve å yta tilskot til huseigarar som vil gå saman om kloakkutløysing

VEDTAK: Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapstilrådinga.

Rett utskrift.

RADØY FORMANNSKAP, 3. mai 1976


Aslaug Helland
e.f.

Går til: Helserådet i Radøy
Kopi til: Teknisk kontor

Utskrift av møtebok



for RADÖY HELSERÅD

i møte den 19. februar 1976

Av 6 medlemmer var 6 til stades (møtande varamenn medrekna).

Sak 3/76. Kloakkplan Valdersnes/Söre Valdersvåg

Jfr. sak 36/75 der helserådet oppmoda teknisk kontor om å arbeida ut ein kloakkeringsplan for området kring Söre Valdersvåg i Valdersnes.

Framlegget tek sikte på å samla utsleppa på sør-vestsida av vågen på eitt større utslepp med felles slamavskillar, medan hus på nord-austsida og evt. lenger ut må ha fullverdige septiktankar. Leidningen kan anten förast gjenetter lia eller gjennom vågen, den siste löysinga er den billegaste men ikkje den mest drifts-sikre. Men ved den får ein også med husa på nord-austsida. Leidningen vil i begge tilfelle föra ut under brua og til djup sjö.

VEDTAK: Helserådet meiner at framlegget til kloakkplan for Valdersnes/Valdersvåg bör leggjast til grunn for vidare arbeid med saka, ikkje minst med tanke på evt. vidare utbygging i området, og vil oppmoda Radøy kommune om å vurdera framlegget med tanke på prioritering i höve til andre aktuelle kloakkeringsoppgåver i kommunen og å avklåra spørsmålet om kommunalt kontra privat engasjement.

Rett utskrift.

5120 MANGEN, 20 februar 1976

for

A. Haug Helland
Ass. Helland
e.f.

Går til: Radøy formannskap
Kopi til: Teknisk kontor

Radøy Helseråd,
5120 MANGER.



KLOAKKPLAN VALDERSNES/VALDERSVÅG.

Ein viser til utskrift frå sak 36/75 i Radøy Helseråd.

Det er mogeleg å kloakkere området. Utsleppa på austsida av Mortevangen må samlast på eit utslepp.

Leidningen vidare kan anten förast vidare etter lia, eller i Mortevangen, Ved begge löysingane må kloakken förast vidare ut under brua og til djup sjö.

Löysinga med leidningen i Mortevangen, gjer det mogeleg å knyta til huset på austsida. Denne löysinga vert den enklaste og billegaste, men ikkje den mest driftssikre.

Alle utsleppa på austsida må förast inn på felles slamavskillar, og dei andre må ha fullverdige septiktankar.

MANGER, den 19.12.75.

E. Borgund
Kom.ing.

T. Pedersen
Ass.ing.



Skotkplau

S 20 W

Valdernesneset

Valdernesneset

Drøket
Tunnesei

Lykvedalen

M. 307

C. 171

178/8

100.5

78/13

78/13

78/13

78/13

14/36

14/36

14/36

14/36

14/36

14/36

14/36

14/36

14/36

14/36

14/36

14/36

14/36

14/36

14/36

14/36

14/36

14/36

14/36

14/36

14/36

14/36

14/36

14/36

14/36

14/36

14/36

14/36

14/36

14/36

14/36

14/36

14/36

14/36

14/36

14/36

14/36

14/36

14/36

14/36

14/36

14/36

14/36

14/36

14/36

14/36

14/36

14/36

14/36

14/36

14/36

14/36

14/36

14/36

14/36

14/36

for Radøy helseråd

i møte den 17. juni 1975

Av 6 medlemmer var 5 til stades (møtende varamenn medrekna).

Distriktslege Meberg deltok i møtet.

Serutskrift.

Sak 36/75. Klage frå Rolf Valdersnes, 5127 Sletta på kloakk i Valdersnes, tilh. Georg Valdersnes og Arne Hjelle. Klagen er dagsett 2.4., men vart motteken 3.06. d.å.

I klagen vert det opplyst at utløpet frå septiktanken til dei to nemnde som bur tett ved einannan, munnar ut oppe på høen og om sommaren fører til ubehageleg lukt i heile området. Det vert også klaga over at avfall frå fisk vert kasta i bekken som renn forbi fiskebutikken, og fører til at det luktar ille og samlar mykje rotter i området.

Munnleg er det i tillegg kome fram opplysningar om at det ved bekken har vore brent anna avfall som t.d. plastartiklar og frukt som er blitt skjemt.

Det er også blitt peika på at det ligg brønningar tett inntil bekken ovanfor fiskebutikken og vidare at det kjem kloakkutslepp frå eigedomar på nordsida som ikkje fungerer tilfredsstillande. I bekken er det svært vekslende vassføring, i tørkeperiodar er det lite vatn der.

Ved inspeksjon viser det seg at kloakkavløpet frå Georg Valdersnes og Arne Hjelle gjennom liten septiktank går i tette røyr til utkanten av det oppdyrka areal nedanfor vegen, men at det derifrå og ned i den grunne vågen av sjøen renn oppå marka og har tydeleg preg av lite reinsa kloakkinnhald og luktar ille. Herifrå er det eit kort stykke i horisontal retning til klagarens hus og eigedom, så det er tvillaust at avløpet er sjenerande.

Georg Valdersnes var med på inspeksjonen og var samd i at kloakken ikkje fungerer tilfredsstillande.

Han sa seg på staden villig til å retta på avløpet ved førebels å leggja det i tette røyr til sjøen, og dette skulle skje snarast.

Rolf Valdersnes sa seg nøgd med det som ein førebels ordning.

Georg Valdersnes opplyste at det ikkje lenger vert kasta fiskeavfall o.l.i bekken og det skulle også iakttaes at saltlake ikkje vert tømt der.

Som nemnt er vassføringa i bekken ofte liten. Den vågen bekken munnar ut i, har vorte grunnare dei siste åra, og er til dels mesta tørr ved fjæra sjø. Den er såleis lite eigna som recipient for kloakkutslepp.

Forts.

Utskrift av møteboka

for

i møte den

Av

medlemmer var

til stades (møtende varamenn medrekna).

Forts.sak 36/75. I sjöen utanfor brua er det også eit kloakkutslepp frå eigedom på austsida som det munnleg har vore fleire klager på då det ikkje har septiktank, og det periodevis har vore brot på ledningen som ligg udekka nedetter berget. Eigaren har lova å retta på manglane. Det bør likevel koma eit nytt anlegg med tilfredsstillande reinsing av utsleppet.

VEDTAK: Radøy helseråd har merka seg klagen og fråsegna til Georg Valdersnes om straks å retta på det verste forholdet ved å få lagt avløpet i tett røyrledning til sjöen. Bekken må ikkje forurensast med avfall av noko slag. Helserådet meiner at det så snart som råd er bør arbeidast ut ein samla plan for klokking, først og fremst for eigedomane til Georg Valdersnes og Arne Hjelle, men også for heile området som har kloakkutslepp mot vågen, og det bør vurderast om ikkje alle utløp bør förast ut på djup sjö, jnfr. uttalle i sak 5/73.

Teknisk kontor vert oppmoda om å förestå dette.

Retts avskrift.

Manger 23.juni 1975

For helserådet

Guðrun Kartveit
Guðrun Kartveit e.f.

Går til: Teknisk kontor, Radøy, Manger.
Georg Valdersnes, Sletta.
Arne Hjelle, Sletta.
Rolf Valdersnes, Sletta.